



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd**

Kyrkjevegen 6  
6856 SOGNDAL  
Tlf: 57679985

Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet,  
Kyrkjeavdelinga,  
Postboks 800 Dep.,  
0030 OSLO.

Sogndal 30.08.2012

([postmottak@fad.dep.no](mailto:postmottak@fad.dep.no))

**Forslag til endringar i gravferdslova - framlegg til høyringssvar.**

Viser til høyringsnotat vedkomande forslag til endringar i gravferdsforskrifta, dykkar ref. 12/1719, datert 28.06.12.

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd var samla til møte 28.08.12, og handsama då denne saka og gjorde fylgjande vedtak i saka:

**Sak 033/12 Forslag til endringar i gravferdslova - høyring**

*Vedtak:*

Fellesrådet vedtek det framlagte forslaget til høyringssvar for endringar i gravferdsforskrifta, og ber administrasjonen sende dette til FAD innan høyringsfristen 1. november 2012.

Rett utskrift av møtebok: JMHE

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd ynskjer å utdjupe sitt vedtak gjennom fylgjande kommentarar til dei ulike endringane i forskrifta:

- **Frå kyrkjegard til gravplass.** Fellesrådet tek til vitande at ein endrar ordlyden til gravplass i staden for kyrkjegard i gravferdslova, og at det då vert naturleg at dette ogso vert gjeldande i forskrifta. Fellesrådet støttar ogso denne endringa.
- **Særskilt tilrettelagde graver ved anlegg av gravplass.** Ut frå intensjonen om at gravferdslova og praksis skal ta meir høgde for behova til religiøse og livssynsmessige minoritetar, støttar ogso fellesrådet ei endring i forskrifta der fellesrådet og kommunen må vurdere behovet for særskilt tilrettelagde graver ved nyanlegg eller endringar av eksisterande gravplass.
- **Dispensasjon frå kravet om kiste ved gravlegging?** Fellesrådet meiner ein ikkje bør fråvike bestemminga om krav om kiste ved gravlegging. Dette særleg ut frå at det er understreka frå Islamsk Råd Noreg at dette ikkje er noko stort problem for muslimar, sidan dei ifølgje sharia skal følgje lovene i det landet dei bur i. I tillegg ser fellesrådet at det kan vere ei større påkjenning for gravar å fylle att ei grav utan kiste.
- **Å vere til stades under kremasjon.** Fellesrådet kan ikkje sjå at omfanget av pårørande som ynskjer å vere tilstades under kremasjon er så stort at det bør krevjast ombygging eller omfattande endringar ved alle krematorium for at dette kan late seg gjere. Den nye ordlyden i forskrifta "der forholdene ligger til rette for det", burde soleis vere tilstrekkeleg.
- **Anlegg m.v. av gravplass.** Fellesrådet ser behovet for ei standardisering av gravkarta. Å endre omgrepet gravplan til gravkart, burde ogso vere ukomplisert. For ein del fellesråd som ikkje har gravkart tilpassa den nye standarden, kan det likevel føre til ein del meirutgifter for å få rette opp dette. Det burde difor bli vurdert ei ordning der fellesråd kan søkje om midlar til ei slik tilpassing av gravkarta sine.
- **Universell utforming.** Fellesrådet ser det som heilt naturleg at dei innskjerpa krava til universell utforming av bygningar, anlegg og uteområde ogso skal gjelde for gravplassar. Dette burde vere ein naturleg del av planlegginga ved nyanlegg av gravplassar. Det er likevel ikkje alle eksisterande

gravplassar der universell utforming er gjeldande pr. i dag. Dersom det vert lagt til krav om at dette ogso skal gjelde gravplassar som allereie er opparbeidde, bør det ogso her vurderast ei ordning der fellestråda (event. kommunen) kan søkje om midlar til slik utbetring/ending av eksisterande gravplassar.

- **Stenging av delar av gravplass.** Fellestrådet seier seg einig i at det bør vere tungtvegande grunnar for at ein skal kunne stenge ein gravplass. Ei presisering av kva "tungtvegande grunnar" vil vere, er difor på sin plass. Fellestrådet støttar elles den nye ordlyden i forskrifta.
- **Grunnvatn og drenering av gravplassar i bruk.** Det er viktig at ein her trår varsamt, og ikkje handlar uetisk. Ei presisering av at bispedømerådet må gi sitt samtykke, kan difor vere ein grei måte å "dobbeltsjekke" vedtaket.
- **Krav til jordoverdekking.** Ein reduksjon frå 1 meter til 0,8 meter jordoverdekking på ei kiste, kan nok vere tilstrekkeleg mange stader. Det er likevel greitt at det i forskrifta er teke med at fellestrådet kan vedta større jordoverdekking, der forholda tilseier dette. Eit krav om 0,3 m jord under kistebotnen og på alle sider, er derimot ei viktig presisering.
- **Fråviking av storleiken til kistegrav.** Nokre stader var det ei tid vanleg å opparbeide eigne gravfelt for born. Det vart gjerne då utarbeida gravkart med graver mindre enn standard vaksengrav. Det kan framleis vere att nokre slike felt rundt om i landet. Fellestrådet oppfattar den nye ordlyden i forskrifta slik at dersom ein framleis ynskjer å ha desse felta i bruk, kan ein legge inn ein særskilt bestemmelse for dette i vedtekta for gravplassen.
- **Gravlegging.** A) FAD ber om synspunkt på kva som vil vere den mest hensiktsmessige tolkinga av uttrykket "vyrkedag". Fellestrådet her tolkar uttrykket vyrkedag som dagane frå måndag til fredag, medan laurdag og søndag ikkje vert rekna som vyrkedagar. Me har her lagt til grunn den allmenne oppfattinga av uttrykket vyrkedag som er her på staden. Fellestrådet tykkjer at dette vil vere den mest hensiktsmessige tolkinga av uttrykket, og ynskjer ogso at det bør leggjast til grunn ein felles praksis i landet for korleis dette skal tolkast. Ein kan gjerne ogso ta dette med som ei presisering i forskrifta. Til meir presis forskrifta er, til mindre usikkerheit og ulik toling/praksis vil det verte.  
B) Påklaging av tidspunkt for gravlegging. Fellestrådet her har hatt ein praksis der ein forsøker så langt råd er å imøtekomme dei pårørande sine ynskjer om tidspunkt for gravlegging. Ein har sjølv sagt ikkje i alle samanhengar hatt høve til å etterkomme alle ynskje, men dette har likevel ført til lite klager frå pårørande på dette. Ei presisering av at ein ikkje har klagerett i desse spørsmåla, kan likevel vere avklarande i visse samanhengar.  
C) At representantar for gravplassen skal vere tilstades under ei kistegravlegging, bør vere hovudregelen. Dette ikkje minst med tanke på sikkerheita rundt ei kistegravlegging, og at gravlegginga skal skje på ein forsvarleg måte. Ein ser likevel at det her kan vere behov for t.d. at etterlatne får høve til å grave att/lukke grava på eiga hand. Ein kan lokalt få til gode løysingar på dette t.d. gjennom bestemmelsar i vedtektene for gravplassen, men fellestrådet meiner likevel at hovudregelen bør vere at representantar for gravplassen er tilstades under ei kistegravlegging.  
D) Fellestrådet ser ikkje at ein bør opne for gravlegging av kjæledyr saman med avdøde. Fellestrådet trur den allmenne oppfattinga er at ein kun gravlegg lik etter menneske på ein gravplass, og ynskjer ogso å halde på dette. Presiseringa i forskrifta er soleis grei.
- **Anonym og namna minnelund.** Fellestrådet tykkjer det er bra at ordninga med namna og anonym minnelund no er komen med i forskrifta. Ordlyden i den nye paragrafen har fellestrådet ingen merknader til.
- **Dimensjonar på gravminner.** Fellestrådet har ingen merknader til den nye ordlyden i forskrifta her.
- **Fundament.** Ei presisering av at fundamentet kan ha ei breidde på opptil 10cm lengre lengd enn på gravminnet, kan hindre usikkerheit og varierende praksis. Som tidlegare nemnt vil tydleg ordlyd og mindre moglegheit for tolking av innhald i teksten, gi ein meir lik praksis. Det at fellestrådet ogso kan leggje inn presiseringar i dei lokale gravplassvedtektene, er ei grei ordning. På den måten kan ein lettare ta høgde for ulike grunnforhold m.m. på plassen.
- **Godkjenningsordning.** Fellestrådet skal framleis godkjenne gravminne og fundament før det vert montert. Ei felles ordning på korleis plasseringa av gravminnet skal vere anvist, kan vere ei grei ordning som vil gjere det lettare for steinleverandørar å setje opp gravminna rett.
- **Plantefelt.** Plantefelt ved gravminner er ikkje regulert i forskrifta i dag, medan det er regulert gjennom dei lokale gravplassvedtektene. Ein generell formulering i forskrifta kunne kanskje likevel gi fellestråda ein peikepinn på korleis det bør vere, og på same vis her som for mange andre ting, gi ein meir felles praksis rundt om i landet. Dei lokale tradisjonane kan ein likevel ta høgde for gjennom gravplassvedtektene.

- **Fjerning av implantat før kremasjon.** Fellestrådet støttar oppfattinga av at fjerning av implantat bør vere eit ansvar for helsetenesta.
- **Krav til kiste.** Fellestrådet har ingen merknader til endringane under dette punktet.
- **Krav til askeurne.** Fellestrådet støttar kravet om at askeurner skal vere utarbeidde i eit materiale som er nedbrytbart i jord, innan fredingstida for gravplassen.
- **Gjenvinning av metallrestar etter kremasjon.** Fellestrådet har ingen merknader til den nye ordlyden i forskrifta på dette punktet, utan at det er bra at det her vert mogleg å ta miljøomsyn utan det går på bekostning av verdigheit og respekt for den avdøde.
- **Mynde til å fråvike forskrifta.** Fellestrådet har ingen merknader til dette punktet.
- **Økonomiske og administrative konsekvensar.** Fellestrådet vil her påpeike to punkt der endringane vil kunne få økonomiske konsekvensar for fellestrådet. Det gjeld bestemminga om felles standard for gravkart, og bestemminga om universell utforming av gravplassar. Som nemnt tidlegare bør det her utarbeidast ordningar der fellestråd som treng å utarbeide nye gravkart eller treng ombygging/endring av eksisterande gravplassar, vil kunne få tilskot til dette. Ein slik kostnad vil mange fellestråd ha vanskar med å kunne dekke over eit vanleg driftsbudsjett, og det bør difor etablerast ordningar for tilskot til slike ting som skal få ein standard/lik ordning for heile landet.

Venleg helsing

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellestråd



Jorunn Merete Haukås-Eide

kyrkjeverje i Sogndal og Leikanger